



Kommunane i Innlandet

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kathrine Eriksen Vatn, 62 55 11 72

Invitasjon til nettkurs i fagsystemet Grunnforurensning

Kommunen er styresmakt i byggje- og gravesaker i forureina grunn, og har plikt til å registrere alle sakar som vert behandla etter forurensningsforskriften kap. 2 i fagsystemet Grunnforurensning.

Vi oppmodar alle kommunar i Innlandet til å skaffe seg brukar og gjennomføre nettkurs i fagsystemet Grunnforurensning.

Bakgrunn

Resultata frå kommunetilsynet på forureina grunn i 2018-2019 syner at det framleis er fleire kommunar som manglar kunnskap om bruk av Grunnforurensning (<https://grunnforurensning.miljodirektoratet.no/>) og som ikkje fylgjer opp plikta si i samsvar med krava i forurensningsforskriften. Difor oppfordrar vi til at alle saksbehandlarar som jobbar med forureina grunn tek dette kurset. Kurset er i underkant av ein time langt.

Kurset er gratis tilgjengeleg for alle via [denne lenka](#).

Kurset er i hovudsak retta mot saksbehandlarar i kommunane, og er utarbeida av Fylkesmannen i Nordland. Kurset vart opphavelig send som nettkurs for kommunane i Vestfold, Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark.

Gjennomføring av kurset

Kurset tek for seg følgjande tema:

1. Bakgrunn for kursing
2. Om Grunnforurensning
 - a. Kommunen sin rolle
 - b. Kven kan registrere?
 - c. Kva skal registrerast?
 - d. Kvifor registrere?
3. Opprette ny lokalitet
 - a. Minstekrav til registrering



Praktisk oppgåve: registrere lokalitet

4. Søkje etter informasjon i databasen
5. Oppdatering av lokalitetar

Praktisk oppgåve: redigere lokalitet

6. Forslag til rutine for registrering
7. Svar på spørsmål

Praktisk informasjon for å gjennomføre kurset

Nettkurset fungerer best i Chrome.

Lenke til kurset: <https://companycast.live/webcast/197e53nn/>.

Kurset skal vere tilgjengeleg ut 2020, men vi oppmodar aktuelle saksbehandlarar til å ta kurset så snart som råd.

For å kunne gjere oppgåvene som er lagt inn i kurset, må du ha ein brukar i test-fagsystemet for Grunnforurensning: <https://grunnforurensningtest.miljodirektoratet.no/>. Du får tilgang ved å sende e-post til grunnforurensning@miljodir.no og be om det.

Opprette brukar i Grunnforurensning

Alle kommunane treng ein eller fleire som kan registrere data i Grunnforurensning. Per i dag er det berre om lag halvparten av kommunane i Innlandet som allereie har brukar i Grunnforurensning, <https://grunnforurensning.miljodirektoratet.no>. Vi oppfordrar difor alle kommunane til å syte for at dei har ein brukar.

Brukartilgang får ein ved å sende ein e-post til grunnforurensning@miljodir.no og be om tilgang.

Om fagsystemet Grunnforurensning og kommunen si plikt

Grunnforurensning er eit fagsystem med informasjon om kvar det er mistanke om eller påvist forureining i grunnen i Noreg. I forurensningsforskriften § 2-9 vert det stilt krav til kommunen sine registreringar i databasen:

Kommunen skal etter nærmere retningslinjer fra Miljødirektoratet sørge for rapportering av data til databasen Grunnforurensning som er etablert av Miljødirektoratet. Tiltakshaver skal gi kommunen opplysninger som er nødvendige for denne rapporteringa. Kommunen kan gi bestemmelser om krav til tiltakshavers rapportering.

Kommunen har altså plikt til å registrere alle sakar som er behandla etter kapittel 2 i forurensningsforskriften i Grunnforurensning. Kommunen sit også på mykje lokalkunnskap om forureiningssituasjonen i eigen kommune. Vi oppfordrar difor også kommunane til å registrere område/eigedomar med mistanke om eller påvist forureining sjølv om forureininga ikkje knyter seg bestemt til ein kapittel 2-sak.

Dersom alle gjer plikta si med registrering, vedlikehald og oppdateringar i Grunnforurensning, vil fagsystemet i enda større grad enn i dag, fungere som ei god informasjonskjelde om forureining i grunnen. Dette er svært viktig informasjon for mellom anna grunneigarar, kjøparar og seljarar av eigedom.



Om de har andre spørsmål om lokalitetar med forureina grunn eller treng hjelp til vurderingar eller avgrensingar, kan saksbehandlar ta kontakt med Kathrine Eriksen Vatn på kaeva@fylkesmannen.no, eller Line Andersen på fmoplan@fylkesmannen.no.

Vi ønskjer lukke til med kurset!

Med helsing

Tore Pedersen (e.f.)
avdelingsdirektør

Kathrine Eriksen Vatn
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakerliste:

Vågå kommune	Edvard Storms veg 2	2680	VÅGÅ
Sør-Odal kommune	Øgardsvegen 2	2100	SKARNES
Skjåk kommune	Moavegen 30	2690	SKJÅK
Ringebu kommune	Hanstadgate 4	2630	RINGEBU
Nordre Land kommune	Postboks 173	2882	DOKKA
Gran kommune	Rådhusvegen 39	2770	JAREN
Åmot kommune	Torget 1	2450	RENA
Stange kommune	Postboks 214	2336	STANGE
Eidskog kommune	Pb 94	2230	SKOTTERUD
Trysil kommune	Pb 200	2421	TRYSIL
Løten kommune	Pb 113	2341	LØTEN
Lesja kommune	Postboks 53	2665	LESJA
Folldal kommune	Gruvvegen 1	2580	FOLLDAL
Elverum kommune	Postboks 403	2418	ELVERUM
Øystre Slidre kommune	Tingvang, Bygdinvegen 1989	2940	HEGGENES
Stor-Elvdal kommune	Postboks 85	2481	KOPPANG
Nord-Fron kommune	Nedregate 50	2640	VINSTRÅ
Lom kommune	Midtgard	2686	LOM
Gjøvik kommune	Postboks 630	2810	GJØVIK
Vestre Toten kommune	Postboks 84	2831	RAUFOSS
Vestre Slidre kommune	Slidrevegen 16	2966	SLIDRE
Sør-Aurdal kommune	Tingvollbakkin 15	2930	BAGN
Rendalen kommune	Hanestadveien 1	2485	RENDALEN
Nord-Odal kommune	Herredsvg 2	2120	SAGSTUA
Hamar kommune	Postboks 4063	2306	HAMAR
Gausdal kommune	Vestringsvegen 8	2651	ØSTRE
Etnedal kommune	Kyrkjevegen 10, Bruflat	2890	ETNEDAL
Åsnes kommune	Rådhusgata 1	2270	FLISA
Vang kommune	Tyinvegen 5161	2975	VANG I VALDRES



Tolga kommune	Kommunehuset	2540	TOLGA
Søndre Land kommune	Hovsbakken 1	2860	HOV
Sel kommune	Botten Hansens gate 9	2670	OTTA
Os kommune	Rytrøa 14	2550	OS I ØSTERDALEN
Nord-Aurdal kommune	Postboks 143	2901	FAGERNES
Grue kommune	Pb 94	2261	KIRKENÆR
Engerdal kommune	Engerdalsveien 1794	2440	ENGERDAL
Alvdal kommune	Gjelen 3	2560	ALVDAL
Østre Toten kommune	Postboks 24	2851	LENA
Våler kommune	Sentralgården	2436	VÅLER I SOLØR
Sør-Fron kommune	Kommunevegen 1	2647	SØR-FRON
Lillehammer kommune	Postboks 986	2626	LILLEHAMMER
Dovre kommune	Kongsvegen 4	2662	DOVRE
Øyer kommune	Kongsvegen 325	2636	ØYER
Tynset kommune	Torvgt. 1	2500	TYNSET
Ringsaker kommune	Pb 13	2381	BRUMUNDDAL
Kongsvinger kommune	Postboks 900	2226	KONGSVINGER